

Gudmund Harildstad (red.) 2016. *Jul i gamle dager. Tekster av Kristofer Visted*. Etterord av Bjørn Sverre Hol Haugen. Oslo. Norsk Folkeminnelag/Scandinavian Academic Press. 245 s. Illustrert.

Meld av Line Førre Grønstad

Boka har raud stoffrygg og ei teikning av ein fjøsnisse som et graut av ei stor skål på fram-sida. Den gamaldagse stilen er oppretthaldt i det fine mønsteret på innsida av permen, og den raude snora som gjer at eg slepp å lage eseløyrrer til bokmerke. Dette er ei bok som fint kan lesast i bitar eller nyttast som oppslagsverk.

Ho er delt i tre. Den største delen er ei kjeldeutgjeving av seksten tekstar om jule-tradisjonar som Visted skreiv til julehefter utgjevne mellom 1928 og 1946. Den andre delen er etterordet der kulturhistorikar Bjørn Sverre Hol Haugen skildrar liv og lagnad for Visted. Den tredje delen er ein bibliografi over det Visted har skrivne, som

Gudmund Harildstad står for. Harildstad har også redigert boka og gjort eit omfattande arkivarbeid for å finne kjelder som Hol Haugen nyttar i etterordet. Boka har mange og gode illustrasjonar. Nesten alle kunne ha vore kjent av Visted. Boka står såleis i stil med Visted sitt øvrige arbeid, mellom anna som biletredaktør.

*Jul i gamle dager* gir i følgje Norsk Folkeminnelag sine nettsider eit «helhetlig innblikk i de forestillinger og skikker som var knyttet til jula i det gamle bondesamfunnet» (<http://www.folkeminner.no/>, lest 28.06.2017). Ei slik samla oversikt over korleis jula var før er fint og ryddig å ha mellom to permar, men omgrepet 'heilskapleg' tilslører at det også er variasjonar og skilnadar i korleis jula vart feira. I Visted sine tekstar nytta han kjeldemateriale mellom anna frå Norsk Folkeminnesamling, og han viser til kor dei ulike skikkane vart gjort. Heilskapen i så måte handlar meir om dei større linene. Til dømes var jula ein periode der ein måtte verne seg mot alt vondt; ein kunne gjere handlingar som sørga for grøderikdom det neste året; ein kunne ta varslar om vêret, om framtidige dødsfall, og spesielt interessant for dei unge: ein kunne gjere ritual for å finne ut kven ein kom til å gifte seg med og korleis livet ville bli.

Tittelen på boka er tatt frå den fyrste teksten til Visted i boka som startar slik: «Den som blev satt hundre år tilbake i tiden, vilde sikkert ikkje kjenne jula igjen». Det, for meg, gammalmodige språket til Visted, og det enno meir gammalmodige språket i nokre av sitata han har med, understrekar dei ulike laga av tid i boka.

Sjølv fortel Visted ofte om ei tidlaus fortid, eit «gamle dagar». Han legg vekt på det som er annleis frå det vanlege i mellomkrigstida. Han viser røtene til skikkar i samtida, og han fortel om skikkar som ikkje fanst meir. Tidlegare var folk overtruiske, eller «primitive», skriv han (s. 79). Visted

sine samtidsmenneske har altså utvikla seg. Samstundes viser han i stykket om juleleikar, *Julestue*, ein viss nostalgi. Då leika barn og vaksne i lag, medan det berre var barna som leika i hans samtid. I denne teksten er kanskje skilnaden på Visted si samtid og mi samtid mest tydeleg, til dømes i opprømsinga av leikar, der blindebukk og kviskreleiken er kjende for meg, men «pryleleikar» der ein skal gjette kven som slår, verkar meir eksotiske for meg enn dei tilsynelatande gjorde for Visted. I alle fall kommenterer han det ikkje utover ei kort forklaring på kva pryleleikar gjekk ut på. Tekstane kan innimellom også lesast som kommentarar til tida han var i, kanskje særleg stykket om julefreden. Den vart trykt i jula 1940 i Nordmanns-forbundets julehefte utgjeven av ein organisasjon for norske og norskætta over heile verda. Der trakk han linjer tilbake til 1200-talet. Tidspunktet kan ha vore tilfeldig, men minner meg på at skrivning blir gjort i ei samtid prega av små og store hendingar, både personleg for Visted og politisk.

Det var ikkje den einaste teksten han har skrive for Nordmanns-forbundet. Noko handla om juleskikkar, men det var også andre tema. Bibliografien til Harildstad gir oversikt over det Visted har skrive, oversiktleg skildra kronologisk ut frå årstal. Tema-tikkane er varierte, men er ofte kortare teksttar som handlar om konkrete gjenstandar, skikkar, helgenar eller merkedagar, skrivne for allmogen.

Hol Haugen sitt etterord plasserer Visted sjølv i samtida til Visted. Kronologisk går Hol Haugen gjennom årstal, familieforhold, utdanning og arbeidet Visted gjorde. Ikkje minst skildrar Hol Haugen korleis Visted gjennom yrkeslivet sitt formidla bondekultur gjennom museumsarbeid, foredrag og *Vår gamle bondekultur*, bokverket som er kjend for mange etnologar.

Eg har hovudsakleg tre innvendingar til boka. For det fyrste er det ein del gjentakin-

gar. Til dette kan det kommenterast at mykje passar inn i forskjellige, om enn liknande, samanhengar. Stykka var heller ikkje meint å vere trykt saman. I bibliografien ser eg at Visted har fleire artiklar ved same namn, gitt ut i forskjellige julehefter til forskjellige år. Kan det tenkast at han har resirkulert nokre av tekstane? Det har nok vore fornuftig for ein mann som var avhengig av inntektene frå skrivning og anna formidling frå midten av 1920-talet og utover. Sidan dei ulike julehefta kunne ha ulike lesarkrinsar fekk han slik også formidla dei same tema til fleire.

For det andre saknar eg noko meir analyse frå Visted. Kva seier det om samfunnet på 17–1800-talet, at så mykje av jula handla om å verne seg mot det vonde og om å føreseie framtida? Men det er ikkje å ta tekstane på alvor med tida dei vart skrivne i som perspektiv, og heller ikkje publikummet dei vart skrivne for, og kanskje publikummet som denne boka rettar seg mot i dag? Det er rett og slett korte teksttar som tek for seg ulike tema som har med jula å gjere. Samstundes kan tekstane i lag fungere som ein måte å gje innblikk i ei breidd av korleis jula har vore, og som dels står i kontrast til, og dels står i samheng med, korleis jula er for mange i dag. Slik kan boka også vere aktuell å lese for den fagleg interesserte. I tillegg kan ho bestemor ha glede av boka. Ho var barn då Visted skreiv, og manifesterar i eigen person både Visted si samtid og vår samtid i dag, men har ikkje akademisk bakgrunn.

For det tredje kunne eg tenke meg å vite enno meir om perspektiva til Visted og materialet han nytta seg av. Slik tekstane står no, viser Visted sjølv til mellom anna skjønnlitteratur, men for dei som ikkje kjenner Norsk Folkeminnesamling kan det vere verre å vite kor han har henta forteljingane frå dei ulike geografiske områda som han gjerne bygg stykka sine på. Hol Haugen sitt etterord er til

hjelp her, og særleg der han skriv om julehefta og Visted sine juletekstar. Ein liten feil har sneke seg inn her, på side 224. I følgje Hol Haugen er det berre ein artikkel av Visted i Nordmanns-forbundets julehefte, medan det i bibliografien står to, ein i 1937 (om juleneket) og ein i 1940 (om julefred).

Etterordet er fint og opplysende. Det er hovudsakleg ein gjennomgang av livet til Visted slik kjeldene kan fortelje om det. I innleiing og avslutting kjem Hol Haugen si stemme fram. Han sluttar med spørsmål som han enno sit med – Kva tenkte Visted? Korleis var det å bli enkemann med små barn? osv. Det er gode spørsmål som illustrerer vanskar med å få tak i det indre livet til nokon via arkivmateriale. Til slutt: Eg kan ikkje anna enn å stø meg til siste setning: «eg gle[r] meg over at den gode formidlaren Kristofer Visted får ein ny lesarkrins med denne boka».